

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 25.02.2016

Pål Kårbø (KrF) stilte spørsmål om han var ugild fordi han er styreleiar i Nordhordlandspakken. Kårbø gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var ugild. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Pål Kårbø var ugild, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Pål Kårbø gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 14 representantar til stades

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke som innstilling til fylkestinget mot 1 røyst (MDG).

Innstilling til fylkestinget

1. Hordaland fylkeskommune gjev sjølvskuldnargaranti for lån på inntil 750 mill. kr som Nordhordlandspakken AS tek opp til finansiering av veginvesteringar.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 750 mill. kr, med tillegg av 10 % av til ei kvar tid gjeldande hovudstol til dekking av påløpne renter og omkostningar.
3. Garantiansvaret gjeld til utgangen av innkrevjingsperioden for bompengar (12 år) med tillegg av inntil 2 år, jfr. garantiforskrifta § 3.